



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høyring - Endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Utdanningsforbundet viser til Kunnskapsdepartementet si høyring av 4. juli 2016 med forslag om endringar for opptak til nokre studium, spesielle opptakskrav til nokre studium, endring i kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote.

### Konklusjon

Utdanningsforbundet meiner at det er viktig å styrke arbeidet med likestilling i utdanningssystemet. Utdanningsforbundet støttar ordninga ei femårig forsøksordning med tilleggspoeng for menn ved opptak til profesjonsstudiet i psykologi ved UiO og UiB. Ei forsøksordning med tilleggspoeng vil ikkje aleine føre til meir likestilling på studium med underrepresentert kjønn, og ordning må supplerast med andre tiltak som fører til fleire søkarar av det underrepresenterte kjønn.

### Generelt

#### *Kravet om generell studiekompetanse*

Utdanningsforbundet er einig med departementet om at det er generell studiekompetanse som skal være det normale opptakskravet til høgre utdanning.

#### *Tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønn*

Utdanningsforbundet er generelt positiv til ei forsøksordning med tiltak for å auke andelen studentar av det underrepresenterte kjønn der statistikk viser at det eine kjønn er underrepresentert over tid. Utdanningsforbundet støttar tilrådinga og ynskjer ei brei satsing med fleire tiltak. Til dømes har Utdanningsforbundet tidlegare støtta ei styrking av rådgjevingstenesta. Det er viktig å rettleie mot utdannings- og yrkesval som ikkje segmenterer kjønnstradisjonar.

Departementet viser og til tal frå DBH og SO som viser at fleire studium har skeiv kjønnsfordeling og inviterer høyringsinstansane til å vurdere om andre studium er aktuelle for kvote eller tilleggspoeng. Utdanningsforbundet støtter departementet i at det er studium som bør kvalifisere for tilleggspoeng. Nokre av desse studietilboda har så få søkarar per studie plass at ei ordning med tilleggspoeng ikkje vil fungere. Vi kan nemne grunnskolelærarutdanninga 1-

7. trinn, yrkesfaglærer og barnehagelærerutdanninga ved enkelte studiestader. Særskilte tiltak for å auke rekruttering av menn til grunnskole- og barnehagelærerutdanningane kan supplera tiltak som rettleiing og tilleggspoeng.

#### Spesielle opptakskrav

Utdanningsforbundet har med stor interesse registrert at HiOA ønskjer det spesielle opptakskravet i matematikk for tannteknikarutdanning fjerna som ei forsøksordning for to opptak. HiOA ønskjer å prøve ut et opptak med grunnlag i GSK for denne utdanninga. Utdanningsforbundet meiner at GSK normalt bør være eit tilstrekkeleg grunnlag for opptak til de fleste studium i høgre utdanning og at spesielle opptakskrav bare bør nyttas der det av faglege grunnar er naudsynt.

Utdanningsforbundet slutter seg til dei andre endringsforslaga i høringsbrevet.

Med vennleg helsing

Milena Adam  
Seksjonsleder

Gunn Gallavara  
seniorrådgiver